

«Når de kjem saman»

Gudstenesta – etter tradisjonen – og i bedehusforsamlingane

Arne Redse

Professor i misjonsvitenskap ved FiH og i RLE-didaktikk, HVO

I førre nummeret av *Innsyn* skreiv eg ein artikkel der eg gav eit samanfatta oversyn over utviklinga av gudstenesta (søndagsføremiddagsmøtet) og tenestekategoriar i Kinamisjonsforbundet, seinare NLM. Dagens ordningar vart ikkje presenterte og vurderte.

I denne artikkelen derimot, skal det reflekterast over korleis noverande ordningar for gudstenesta (søndagsføremiddagsmøtet) i NLM-samanheng heime og ute eventuelt kan justerast til det betre.

Det vil eg gjere på den måten at eg presenterer den tradisjonelle malen for den kristne gudstenesta slik den utvikla seg i dei første hundreåra med utgangspunkt i synagogegudstenesta og påskemåltidet i den øvre salen (instiftinga av nattverden). Artikkelen avdekkjer bakgrunnen for dei enkelte ledda i gudstenestemalen og peikar på nokre av dei mest sentrale utviklingstrekk fram til nyare tid. For kvart gudstenesteledd eg presenterer, vil eg reflektere over korleis dette leddet eventuelt vert inkludert på ein eller annan måte i gudstenester i NLM-forsamlingane, og korleis det eventuelt kan inkluderast på ein betre måte. Målsetjinga bør vere at NLM-forsamlingane (og andre bedehusforsamlingar) i større grad enn i dag kan sikte mot å ivareta det rike bibelforankra innhaldet i dei forskjellige ledda i den tradisjonelle gudstenestemalen. I denne samanhengen vil NLMs forslag til ritual for nattverden (frå 2011) bli spesielt vurdert.

Saman i dagleglivet – saman i Jesu namn

I det meste av tida i kvardagen er det kristne mennesket kristen i høve til Gud (i bøn og bibellesing) og i høvet til medmenneska (kristne og ikkje-kristne)

gjennom måten ein lever på – i haldningar, ord og gjerningar. Kvardagskristenlivet er meint å skulle utfaldast primært som kristent etisk liv og vitnemål om Kristus i familien, på arbeidsplassen, blant venner og i samfunnslivet.

I desse samanhengane kan to eller tre eller fleire samlast i Jesu namn om Guds Ord og bøn. Då har vi ei kristen forsamling. Ei kristen familie bør naturleg utgjere ei kristen forsamling når den samlast til husandakt. På arbeidsplassen og i skulen kan arbeidarar/skulelevar samlast i Jesu namn (til andakter og bøn) dersom tilhøva ligg til rette for det.

Men ikkje minst: I eit geografisk område – ein bydel, ein landsby, ei bygd – vil dei kristne på staden samlast regelmessig i Jesu namn til det vi kallar «gudsteneste» eller «møte» – først og fremst på søndagar, men også elles i veka – når det kan passe.

Når vi snakkar om ei kristen forsamling/ ein kyrkjelyd/ ei menighet, snakkar vi primært om ein slik storleik – ei samling av kristne innanfor eit geografisk område som ikkje er større enn at ein kan samlast innan rimeleg tid. Samstundes bør *alle* samlingar av kristne i Jesu namn (to eller tre eller mange) kunne reknast som kristne forsamlingar.

Gudstenesta – dei truande møter Gud og kvarandre

Grovt inndelt er det to ting som føregår i gudstenester og kristne møte – der menneske er «samla i Jesu namn»:

(1) Gud talar til forsamlinga, gjennom bibellesing, preike, dåp, nattverd, velsigningar, songar og salmar. Dette er gudstenesta sine *sakramentale element*.

(2) Forsamlinga ber til Gud. Det dreier seg om syndsvedkjenning, bønner om hjelp (kyriebønner), lovprising (gloria og halleluja), forbønner, og bønesalmar. Dette er gudstenesta sine *sakrifisielle element*.

Vi kan seie det slik: I gudstenesta (og i kristne møter) tener Gud forsamlinga gjennom sitt ord og sakramenta. Og forsamlinga tener Gud gjennom bøn og lovprising. Det norske ordet «gudsteneste» er ei utvida omsetjing av det greske ordet *leitourgia* (λειτουργία) (offentleg teneste) – derav vårt ord «liturgi». På engelsk brukar ein gjerne den direkte omsetjinga «service», eller ein presiserer det til «Sunday service».

I tillegg må det framhevast at gudstenesta/møtet er uttrykk for fellesskapet mellom kristne. Det er der vi regelmessig kjem saman og opplever det kristne fellesskapet. Dette utelukkar ikkje at også ikkje-kristne og søkande menneske kan delta og på den måten bli utfordra til å ta imot Jesus i tru. Trua kjem av

forkynninga. Ikkje minst er det viktig å invitere katekumenar (dei som går til dåpsundervisning) til gudstenesta. I oldkyrkja vart den første delen av gudstenesta (føre nattverden), omtala som *missa catecumenorum* – katekumenane si gudsteneste. Her er skriftlesinga og forkynninga det sentrale. Nattverddelen kunne omtalast som *missa fidelum* (dei truande si messe), sidan nattverden berre er for dei truande.

Dei første kristne var jødar. Det var derfor naturleg nok synagogegudstenesta dei brukte til mønster, som mal, då dei utforma si eiga kristne gudsteneste. Det var synagogegudstenesta som hadde vore Jesu liturgi.¹ Jesus gjekk fast i synagoga på sabbaten (jf. Luk 4:16). Dei første kristne hadde ingen grunn til å ta avstand frå ordningane i synagoga – sjølv om dei etter kvart vart utstøytte frå synagogene.

På den andre sida har vi ingen detaljerte instruksar i Skrifta for korleis gudstenesta skal leggst opp. Derfor varierer ordningane betydeleg frå kyrkjesamfunn til kyrkjesamfunn, og gjerne også frå forsamling til forsamling innan eitt og same kyrkjesamfunn. Men i grove trekk har ordninga for søndagsgudstenesta følgt same mønsteret eller ramme heilt, same mal, frå sein oldkyrkjeleg tid, eller vi kan seie frå tidleg middelalder av.² Dette hovudmønsteret kan kort summerast opp slik det er gjort nedanfor.

For kvart ledd eg presenterer, vil eg seie litt om korleis leddet kan inkluderast i ei tradisjonell NLM-forsamling si gudsteneste.

Vi bør legge merke til at dei tradisjonelle ledda i liturgien – dei fleste faste delane – dreier seg om *tekster og bønner frå Bibelen*. Gudstenesta er i det store og heile bygd opp av element frå Guds Ord. Såleis er den særst Bibel-orientert.

Det tradisjonelle mønsteret for gudstenesta gjennom tidene

Den innleiande delen

1 Inngangssong: Salme- og songbøker inneheld mange høvelege songar og salmar til opning av gudstenesta/møtet. Elles kan gjerne veljast ein song som høver til temaet i tekstene og talen for dagen.

2 Innleiande helsing, som velkomsthelsing: Det er gamal tradisjon for å bruke den helsinga som Paulus innleiar breva sine med, den såkalla *apostoliske helsinga*: «Nåde vere med dykk og fred frå Gud vår Far og Herren Jesus

¹ Om synagogegudstenesta på Jesu tid, sjå Olav Tveito (2013). *Gudstjenestens historie: Liturgi, kirkeår og kirkehus gjennom 2000 år* (Oslo: Themelios), 30-32.

² «Med den romerske messe, slik den var utformet på 600-tallet, var grunntrekkene i gudstjenesten i den vestlige kristenhet lagt.» Olav Tveito (2013). *Gudstjenestens historie: Liturgi, kirkeår og kirkehus gjennom 2000 år* (Oslo: Themelios), 20.

Kristus.» Det kjennest kanskje litt meir formelt å bruke innviingsformelen: «I namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande.» Men dette er også ein måte å opne på. Mest uformelt kan vi rett og slett berre ønskje «Velkommen til møte/gudsteneste» -- slik det ofte vert gjort. Den apostoliske helsinga er ei kristen utviding av den jødiske fredshelsinga: «Fred vere med dykk». Å ønskje forsamlinga nåde og fred frå Gud og Jesus er ein fin skikk som vi ikkje treng legge vekk.

3 *Syndsvedkjenninga*: Når forsamlinga er samla for å høyre Guds Ord og for å be til den heilage Gud, kjennest det rett at ein først vedkjenner seg syndene sine og ber om Guds nåde i Jesu namn. Læresveinane og dei første kristne (som alle var jødar) hadde mest sannsynleg lært å vedkjenne seg syndene sine i synagogegudstenesta. Vi har ikkje kunnskap om korleis synagogegudstenesta var ordna i detalj på Jesu tid. Fast formulerte syndsvedkjenningar finst det mange av. Dei eldste finn vi i Salmane i GT, f.eks. Salme 51:3-15 som er mykje brukt også i dag i mange kyrkjer. Elles finst det syndsvedkjenningssalmar i dei fleste salme- og songbøker. Eller ein kan be ei fri bøn, og gjerne gje rom for ei stille bøn for den enkelte. I oldkyrkja var det mest vanleg at syndsvedkjenning var ei sak for den enkelte – ei stille bøn i det ein gjekk inn i gudstenestelokalet. Derfor vart den kalla «trappebøna». Skriftet *Dei tolv apostlane si undervisning (Didache)*, datert til slutten av første hundreåret e.Kr., kanskje eldre enn Johannesevangeliet, framhevar at det er viktig med syndsvedkjenning før ein feirar nattverd.³

I den siste utgåva av Den norske kyrkja (Dnk) si gudsteneste (2011) kan syndsvedkjenninga bli flytta til etter preika og føre forbøna dersom ein ønskjer det. Ved opninga av gudstenesta kan ein då i staden be ei opningsbøn. Eitt av alternativa til opningsbøn er den tidlegare klokcarbøna i ei revidert utgåve. I denne bøna ber ein om Andens hjelp til å ta imot Guds Ord med eit ope hjerte og tru og leve etter det.

Syndsvedkjenninga bør ikkje utelatast i hovudsamlinga til ei kristen forsamling. Ønskjer ein å unngå mange faste bøner – som kan vere tilfelle for mange i NLM, kan ein be syndsvedkjenninga som ei fri bøn. Elles synest eg syndsvedkjenninga høyrer heime på den tradisjonelle plassen, i byrjinga av gudstenesta.

4 *Absolusjonen*: Syndsvedkjenninga kan etterfølgjast av ein absolusjon – altså tilsegn om tilgjeving. Det er vanleg å bruke 1 Joh 1:9 som absolusjon.

³ Sjå Olav Tveito (2013). *Gudstjenestens historie: Liturgi, kirkeår og kirkehus gjennom 2000 år* (Oslo: Themelios), 47.

5 *Ropet om miskunn*: «Herre, miskunne deg over oss.» (*kyrie eleison*). Dette er *ikkje* ei bøn til om syndstilgjeving, men ei bøn om hjelp. Menneske i lidingar og naud kunne vende seg til Jesus med dette tradisjonelle bøneropet om hjelp (jf. f.eks. Matt 15:22; 17:15; 20:30). Menneske i dag treng på same måten Guds hjelp, styrke og leiing. Derfor ber ein saman med Bibelens menneske, og gjerne med dei same orda: «Herre, miskunne deg over oss.» Bøna kan også bedast i salmeform, som kanskje vil vere mest naturleg i ei NLM-forsamling. Det finst fleire gode kyriesalmar.

Det er elles ikkje uvanleg eller unaturleg å inkludere bøneropet (*kyrie*) i forbøna, og då gjerne som ei bøn som forsamlinga syng mellom bønemna til den som leier forbøna. I ei NLM-forsamling kan det vere mest naturleg å integrere kyrie slik, og helst bruke det berre i norsk omsetjing: «Herre, miskunne deg over oss.» Den svært gamle forbøna som kallast *litani* (som vert brukt i fastetida), opnar med kyrie.

6 *Lovprisinga (gloria)*: Sidan vi veit at Gud høyrer oss når ein ber, tilgjev oss syndene og ser til oss med omsyn til våre behov for hjelp, styrke og leiing, ønskjer vi å takke og lovprise han. Derfor lovprisar vi han med orda til englane på Betlehemsmarkene då Jesus vart fødd: «Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske som Gud har hugnad i.» (Luk 2,14). Til denne korte lovprisinga kan det leggst til ei lengre tekst, *Te Deum*. *Te Deum* kan vi følgje så langt tilbake i historia som til eit skrift av biskop Athanasius på 300-tallet (jf. nr 261 i *Norsk Salmebok*). Eller vi kan gje rom for moderne, ungdommelege lovsongar (worship og Hillsong) som er blitt så populært i seinare tid. Mange forsamlingar har eige lovsongsteam til dette formålet. Gloria-leddet er staden der lovsongsteam bør få utfalde seg. Det tilsvarande lovprisingsleddet i synagoge-gudstenesta er dei såkalla Hallelujasalmane (Salme 145-150).

Forkynninga av Guds Ord

1 *Skriftlesingane og talen*: Lesetekstene er ein viktig del av gudstenesta slik det også var (og er) i synagoga. Då talar Gud til forsamlinga direkte gjennom sitt ord (jf. Matt 4:4; Luk 11:28; Hebr 4:12; Kol 3:16-17). Det er vanleg å lese tre tekster, ei frå GT, ei frå evangelia og ei frå resten av NT. I mange gudstenesteordningar vert skriftlesinga innleia med ei bøn som vender sinnet mot det som er hovudsaka i tekstane for dagen – den såkalla «kollektbøna». Denne kan etter 2011-liturgien til Dnk i staden bli bedt på talarstolen rett før talen.

Skikken å lese frå dei heilage skriftene overtok dei første kristne frå synagogegudstenesta. I synagoga las ein eit stykke frå Mosebøkene og eit stykke frå profetane i kvar sabbatsgudsteneste.

Guds ord bør har brei plass i NLM-forsamlingane. Det er ingen ting i vegen for å utvide dei føreslegne tekstene i tekstrekkjene til Dnk.

2 *Halleluja eller song/salme*: Lovprising til Gud for hans ord, at han no talar til oss, kan vere plassert før, mellom eller etter skriftlesingane. Ein salme over same tema som tekstene for dagen kan alternativt få rom her (ein såkalla «læresalme»). I Dnk var det slik inntil den siste liturgireforma i 2011.

3 *Talen/preika* skal vere utlegging av lesetekstene, eller utlegging av eit tema i tekstene. Normalt er det evangelieteksta ein preikar over, men med sideblikk til dei andre tekstene. I Luk 4:14-30 les vi om Jesu deltaking i ei synagogegudsteneste i Nasaret i byrjinga av tida då han vandra rundt og talte, underviste og gjorde godt. Han las profetteksta for dagen frå Jes 61, og talte deretter over den. I NLM-samanheng vert forkynninga med rette betrakta som eit sentralt ledd i gudstenesta.

Faste tekstrekkjer hjelper predikanten til å få med seg breidda av «Guds råd» i løpet av den tida tekstrekkjene dekkjer. Samstundes må det visast fleksibilitet.

Til avslutning av preika er det ikkje uvanleg at predikanten seier fram «den vesle lovprisinga»: «Ære vere Faderen og Sonen og Den Heilage Ande som var og er og vere skal ein sann Gud frå æve og til æve.»

I tillegg til preika over dagens tekst la Luther ofte inn ein gjennomgang av eit stykke frå katekismen. Denne typen undervisning kan heller inkluderast i ein søndagsskuletime før eller etter gudstenesta. Dette er vanleg i mange forsamlingar rundt om i verda. I vårt land assosierer vi søndagsskulen med barna. Den er ikkje for vaksne. Men vaksne treng også søndagsskule.

Det bør jamt gjevast rom for frie vitnemål. Desse bør ha sin plass i forkynnings-delen. Det gjeld også profetiar eller bodskap i tunger (som må tolkast). Paulus gjev det råd til korintarane at ein ikkje må la slike «spontane» innslag ta overhand (ikkje for mange kvar gong) og at alt må gå føre seg med orden. Det kan gjerne vere naturleg å gje rom for spørsmål til predikanten.

4 *Song/salme*: Det er vanleg å syngje ein song eller salme etter preika. Den bør vere knytt til innhaldet i preika.

Forsamlinga tener Gud

1 *Truvedkjenninga*: Når ein har lytta til Guds ord, styrker evangeliet trua. Då er det naturleg å seie fram ei truvedkjenning, gjerne med orda frå *Apostolicum*

eller *Nicænum*. Dei fleste kyrkjesamfunn brukar *Nicænum* i gudstenesta og *Apostolicum* ved dåpen. I Den norske kyrkja har ein tradisjonelt brukt *Apostolicum* i begge høve. Dette er derfor blitt praksis på mange av misjonsfelta der NLM har etablert kyrkjer. Tenkjer ein historisk og økumenisk, vil *Nicænum* vere å føretrekke. Det var også Luthers val i hans fyldigaste opplegg for gudstenesta – den såkalla «*Formula Missae*». Truvedkjenninga bør ikkje utelatast i det som vert rekna som ei forsamling sitt hovudmøte eller gudsteneste. Det synest å vere vanleg praksis no i dei fleste av dei større forsamlingane i NLM å inkludere den apostoliske truvedkjenninga på søndagsformiddagsmøte. I synagogegudstenesta var det den gammaltestamentlege vedkjenninga, *Sjema* (5 Mos 6:4-5),⁴ som lydte som truvedkjenning.

2 *Forbøna*: Ein viktig del av ei forsamling si teneste er å be for Guds folk i alle land, for misjonen, og for landet vårt, styresmaktene og for verda (jf. Paulus si formaning i 1 Tim 2:1-3). Forbøna kan framførast i form av fast formulerte bønner, eller som bønner ein formulerer etter kvart som ein ber. Dersom ein ber fritt, bør ein vere medviten om kva saker og personar ein skal be for. Det bør vere rom for bønneønskje frå forsamlinga. Forbøna kan gjerne bli leia av andre enn den som leiar gudstenesta, kanskje fleire kan be for kvar sine saker? Barna bør inkluderast som forbedarar. I urkyrkjelyden i Jerusalem song barna *kyrie eleison* mellom ledda i forbøna – som vi kan gjere i dag også. Av og til kan ein gjerne la denne delen av gudstenesta ordnast som eit kort forbønsmøte der kven som vil, kan be.

Det lyder litt rart å måtte seie det, men inntrykket er at forbønstenesta tradisjonelt er blitt betre ivareteken i Den norske kyrkja sine gudstenester enn i NLM sine søndags-føremiddagsmøter.

I synagogegudstenesta vart (og vert) forbøna kalla «*Attenbøna*» – dei ber over 18 bønnetema.⁵ I dei tre første vert Gud lovprisa. Desse bønene svarer til *Gloria* i den kristne gudstenesta. I dei 13 neste ber ein for ulike forbønssaker. I dei tre siste bønene takkar ein Gud for hans nåde og miskunn. I følgje jødisk tradisjon går *Attenbøna* tilbake til det 5. årh. f.Kr.»⁶ På Jesu tid var *Attenbøna* plassert før tekstlesinga og tekstutlegginga.

Til slutt i forbønsdelen i den kristne gudstenesta ber vi for oss sjølve som enkeltkristne og som forsamling i form av den bønna Jesus lærte oss til dette formålet, nemleg *Fadervår*. *Fadervår* bør derfor ikkje utelatast. For Jesus sa:

⁴ Den fulle utgåva av *Sjema* inkluderer 5 Mos 6:4-9, 5 Mos 11:13-21 og 4 Mos 15:37-41.

⁵ Eigentleg inneheld bønna 19 bønnetema. Det vart lagt til ei bøn om bli bevart mot vranglære på 100-talet e.Kr. «*Vranglæra*» var nok dessverre den kristne forståinga av Jesus som Messias.

⁶ Sjå Olav Tveito (2013). *Gudstjenestens historie: Liturgi, kirkeår og kirkehus gjennom 2000 år* (Oslo: Themelios), 31.

«Slik skal de be.» (Matt 6:9). Derfor ber vi slik. Fadervår er den kristne si mønsterbøn. Det er ikkje usannsynleg at Fadervår vart gjeven apostlane som den nye pakta si Attenbøn. Dei to bønene har mange fellestrekk.

3 *Kunngjeringar* kan gjerne få plass mellom forbøna og offeret. Då kan det også kunngjerast kva formål offeret går til, viss det treng spesifiserast.

4 *Offergåve*: Det har alltid høyrte med til gudstenesta å gje til Gud og hans folk av det Gud har gjeve oss, så dei fattige og trengande kan få hjelp, og ikkje minst gje til arbeidet i kyrkjelyden og til misjonen. I gamal tid inkluderte offeret at nokon i kyrkjelyden bidrog med brødet og vinen som ein trengde til nattverden. Det er blitt vanleg i NLM- og bedehussamanheng å be Gud om at pengane som vert samla inn, vert til velsigning – slik ein også gjer i gudtenesta til Dnk.

Nattverden

Når nattverden vert forvalta, er den vanlegvis plassert etter forbøna. Nattverden er eit høgdepunkt i den kristne sitt fellesskap med Gud og med Guds folk. Hovudmønsteret i nattverdliturgien er også gamalt og vert i hovudsak følgt i dei store kyrkjesamfunna. Bakgrunnen for nattverden er ikkje synagogegudstenesta, men Jesu siste påskemåltid med apostlane, i «den øvre salen» i Jerusalem.

1 *Innleiande helsing*: F.eks: «Herren vere med deg.» Gjerne med påfølgjande oppmoding om å løfte våre hjarte til Herren, og med ei stadfesting: «Det er verdig og rett». Dei helsingformuleringane som vert brukte i Dnk si ordning er så å seie identiske med dei formuleringane vi finn i Hippolyts liturgi frå ca. 220.

2 *Innleiande lovprising og takk (prefasjonen)*: Denne er ei lovprising og takk til Gud for hans frelse, ved Jesus Kristus. Den byrjar med orda: «I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre....» Heilt frå oldkyrkja si tid har nattverden hatt namn etter denne lovprisinga. I dei fleste kyrkjer vert den omtala som «*evcharistien*». Bøna si rot er takkebøna som Jesus bad ved instiftinga av nattverden. Mykje av det innhaldet den har i dag, kan sporast tilbake til byrjinga av 200-talet – til liturgien til Hippolytt.

3 *Sanctus og benedicamus*: Prefasjonslovprisinga munnar ut i dei to bibelske lovprisingane som vi kallar *sanctus* og *benedicamus*. *Sanctus* er serafane si lovprisinga til Gud som Jesaja var vitne til i templet i Jerusalem: «Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot. All jorda er full av hans herlegdom.»

(Jes 6:3). *Benedicamus* er lovprisinga til Jesus då han reid inn i Jerusalem på Palmesøndag: «Hosianna, Davids Son! Velsigna vere han som kjem i Herrens namn! Hosianna i det høgste!» (Matt 21,9). Ein lovprisar Gud for hans heilage reinleik som avslører synda slik Jesaja opplevde det, og ropar derfor «frels då» (hosianna) til Jesus. Hosianna er også å forstå som eit lovprisingsrop. *Sanctus* og *benedicamus* syng vi altså saman med serafane i templet og saman med folkehopen som lovpriste Jesus då han reid inn i Jerusalem på Palmesøndag for å lide og døyd ved enden av veka. No kjem han til oss på nytt i brødet og vinen.

4 *Bøn før innstiftingsorda*: Vi ber om at vi må ta imot nattverden med audmjuke og oppriktige hjerte og elske kvarande som Jesus har elska oss, og til slutt samlast til nattverd med han og alt Guds folk i Guds evige rike. Denne bøna kan no i Dnk skiftast ut med alternative bøner der ein takkar for Jesu soningsdød og ber om at Anden vert send.

5 *Innstiftingsorda*: Dette er forteljinga om då Jesus innstifta nattverden. Desse orda er det vanleg å lese. Det er desse orda som er grunnlaget for nattverden.

6 *Fadervår*: Når det vert feira nattverd i gudstenesta, er dette staden for Fadervår, i staden for som avslutning på forbøna.

7 *Den bibelske fredshelsinga*: «Fred vere med deg.» Helsinga minner oss om at vi skal samlast om nattverden utan uoppgjorte saker mellom oss som Guds folk. Fredshelsinga er ikkje vanleg i norsk samanheng, men vanleg i mange andre kyrkjer. Helsinga kan også plasserast tidlegare i nattverdritualet.

8 *Agnus Dei*: «Å du Guds lam som bar all verdsens synder, miskunne deg over oss.» Dette er ein gammal salme med bakgrunn i Joh 1:29 og Op 5:6-14. Den har lydt ved nattverdfeiringa sidan tidleg middelalder.

9 *Invitasjon og formaning* til å ta imot nattverden i sann tru og med eit ærleg hjarte for Gud.

10 *Utdelinga av brødet og vinen*: Denne går føre seg ved altarringen eller rundt eit bord, eller ved at ein sender elementa rundt i benkane. Ein kan også ta imot vinen ved å dyppe brødet i kalken. Den siste metoden er ikkje alle like begeistra for. Utdelinga kan avsluttast med ei påminninga og eit ønskje – for eksempel slik: «Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve oss sin heilage lekam og sitt dyre blod som han gav til soning for alle våre synder. Han styrkje oss og halde oss oppe i ei sann tru til det evige livet. Fred vere med dykk.»

11 *Lovprising og takkebøn for nattverden*: Lovprising og takk til Gud for det vi har motteke av hans nåde, og bøn om at han må bevare oss i trua. Lovprisinga

kan gjerne vere den vi finn i 1 Pet 1:3: «Himmelske Far, takk for dine velsigna gåver. Vi bed at du ved desse gåvene vil halda oss fast i trua på deg, sameina oss i din kjærleik og stadfesta i oss vona om det evige livet, for Jesu Kristi skuld.»

Vi kan feire rett nattverd utan den innleiande takk og lovprising, sjølv om ei slik bøn høyrde med til påskemåltidet, og utan serafane sitt trefoldige heilag, og utan hosianna til Jesus, og utan «O, du Guds lam», og utan førebuingbøn. Ordninga for nattverden i NLM sitt ritualhefte⁷ er ei slik sterkt forkorta utgåve. Vekta ligg på ei påminning om kva nattverden gir, og ei formaning til å ta imot elementa i ei sann tru. Dessutan er innstiftingsorda og Fadervår inkludert.

For den som kjenner godt dei tradisjonelle ledda i nattverdliturgien, og lever med i desse når ein deltek, framstår den sterkt nedkorta utgåva for bedehus-Norge som fattig. Kvifor ikkje takke og prise Gud saman med Guds folk frå oldkyrkja si tid (prefasjonen) – slik Jesus bad ei takkebøn før han delte ut brødet? Kvifor ikkje syngje «heilag» med serafane og rope «hosianna» saman med palmesøndagsfølget? Kvifor ikkje be med ord frå Døyparen: «Du Guds Lam som bar all verdsens synder, miskunne deg over oss.»

Det bør vekke til ettertanke at det som er skore bort, i stor grad er ord frå Skrifta. Dersom ein er redd for mange fast formulerte bønner, kan ein gjerne be ei fri prefasjonsbøn, og ei fri førebuingbøn. Både *Sanctus* og *Hosianna (Benedicamus)* kan erstattast med songar frå *Sangboken*.

No kan det seiast at nattverdritualet i Luthers *Tyske messe* var svært enkelt. Målet var å nå og inkludere til og med analfabetar – og dei var ikkje få. Dermed måtte ein gjere det så enkelt som mogeleg i starten. Luthers latinske messe (*Formula missae*) var meir tradisjonell. Men alt som smakte av katolsk messeofferteologi var fjerna eller endra.

Avslutningsdelen

1 *Avsluttande lovprising*: Forsamlinga avsluttar gudstenesta med å lovprise Gud. Det gjer ein med den gamle jødiske lovprisinga, *halleluja*, som betyr lovpris Herren. Gjennom alle tider har Guds folk sunge halleluja for Gud. Men ein kan like gjerne avslutte med ein lovsong/salme som avslutningssong.

2 *Velsigninga*: Til slutt lyser gudstenesteleiar/møteleiar den aronittiske velsigninga: «Herren velsigne deg og vare deg, Herren la sitt ansikt lyse over

⁷ NLM har samarbeidd med Indremisjonsforbundet og Normisjon om både nattverdritualet og fleire andre ritual.

deg og vere deg nådig, Herren løfte sitt åsyn på deg og gje deg fred.» (4 Mos 6,22-27). Slik har velsigninga lydt i meir enn tre tusen år!

I synagogegudstenesta lydte den aronittiske velsigninga i gamal tid etter Attenbøna – som Guds svar på bøna. Opphavleg høyrde velsigninga heime i tempeltenesta. Det er mulig at den ikkje kom i bruk i synagogegudstenesta før etter at templet vart øydelagt i år 70 e.Kr. Det er berre prestar (menn av Levis ætt) som kan lyse velsigninga i synagoga. I den nye pakta har det allmenne «offerprestedomme» erstatta det levittiske presteskapet. Alle er «offerprestar» (hierevs). Jf. 1 Pet 2:9. Alle kan derfor lyse velsigninga.

Som alternativ til den aronittiske velsigninga kan ein gjerne bruke den apostoliske (sjå 2 Kor 13:13). I bedehussamanheng er den apostoliske meir vanleg.

Mellom fleire av ledda i gudstenesta er det vanleg å synge songar og salmar, som Paulus oppmoda kolossarane til: «Lat Kristi ord få rikeleg rom hos dykk, så de med visdom kan undervisa og rettleia kvarandre, med salmar, hymner og åndelege songar. Syng for Gud med takk i hjarta!» (Kol 3:16). For Paulus dreidde dette seg i stor grad om den jødiske salmeskatten, Salmane i GT. Vi har i tillegg ein svært omfattande song- og salmeskatt å ta av.

Ein liturgi for søndagsformiddagsmøtet i bedehusforsamlingar – tradisjonsrik i innhald, friare i formene

I oldkyrkja synest det å ha rådd stor fridom med omsyn til korleis ein skulle formulere dei enkelte ledda i gudstenesta. På den andre sida vart den *innhaldsmessige* malen tidleg fastlagt. Den var der i grove trekk allereie med synagogegudstenesta og påskemåltidet. Det er denne malen eg har framheva og understreka i denne artikkelen. Eg har ein sterk mistanke om at innsikta i denne malen – i innhaldet i det ulike ledda i liturgien – er heller skrøpeleg i NLM-samanheng.

Dei som okkar seg over tradisjonelle gudstenester, siktar vel helst til *formene*? Skal bønene vere fast formulerte, eller er det nok at tema ligg nokolunde fast? Kva song- og musikkstil føretrekkjer ein? Slike formale saker vil det alltid vere ulike syn på, og her bør vi vere fleksible. Viss det derimot er *innhaldet* i gudstenesteledda ein grammar seg over, rammar faktisk det klagemålet i høg grad *Skrifta*. For svært mykje av innhaldet i ei gudsteneste etter den tradisjonelle malen er henta frå *Skrifta*.

Elles vil eg tru at ei innsikt som den som denne artikkelen bidreg til, bør være nyttig for misjonærar som vert involverte i arbeid med liturgiar på misjonsfelt, både i nyetableringar og i revisjonar av liturgiane til samarbeids-kyrkjene våre.

Litteratur

Gudstenesta til Dnk, av 2011, er å finne her:

http://kirken.no/globalassets/kirken.no/om-troen/gudstjeneste---liturgi/gudst2011_2012_ordning_hovudgudstenest_nyn.pdf

NLMs ritual for nattverden, frå 2011, er å finne her:

<http://www.nlm.no/nlm/ressurser/dokumenter/liturgiordninger/nynorsk>

Kinamisjonens ritualbok (på kinesisk). Ikkje datert (ca. 1910).

Redse, Arne (2014): «The History of a Chinese Lutheran Liturgy.» I: *Passion for China*. Oxford: Regnum Books.

Redse, Arne (1996). *Gathered together in Jesus' Name: A Historical Outline of the Worship Liturgy*. Hong Kong: Thaosheng Publishing House.

Tveito, Olav (2013). *Gudstjenestens historie: Liturgi, kirkeår og kirkehus gjennom 2000 år*. Themelios Forlag.